



DET KONGELEGE
NÆRINGS- OG FISKERIDEPARTEMENT

Prop. 38 L

(2018–2019)

Proposisjon til Stortinget (forslag til lovvedtak)

Endringar i sjølova (tilgang til opplysningar i Folkeregisteret)

*Tilråding frå Nærings- og fiskeridepartementet 14. desember 2018,
godkjend i statsråd same dagen.
(Regjeringa Solberg)*

1 Hovudinnhaldet i proposisjonen

I denne proposisjonen vert det lagt fram forslag til endringar i lov 24. juni 1994 nr. 39 om sjøfarten (sjølova). Lova vert føreslått endra slik at Sjøfartsdirektoratet får heimel i lov til framleis å kunne hente opplysningar frå Folkeregisteret utan hinder av teieplikt når det er naudsynt for utøving av oppgåver etter sjølova, jf. folkeregisterlova § 10-2. Det vert i samband med dette føreslått endringar i sjølova § 13.

Sjøfartsdirektoratet har tidlegare hatt løyve frå Skattedirektoratet til å hente desse opplysningane med heimel i folkeregisterlova 16. januar 1970 nr. 1 § 14. Lovendringane inneber soleis ikkje endringar i den faktiske rettsstilstanden. Etter folkeregisterlova av 2016 § 10-2 er det krav om at heimel for utlevering av opplysningar frå Folkeregisteret som er omfatta av teieplikt, må stå i regelverket som gjeld for dei ulike saksområda. Skal Sjøfartsdirektoratet framleis ha tilgang til dette, må heimelen soleis stå i sjølova.

2 Departementet sine vurderingar og forslag

Lov 9. desember 2016 nr. 88 om folkeregistrering tok til å gjelde 1. oktober 2017. Med den nye lova må heimel for utlevering av opplysningar frå

Folkeregisteret som er omfatta av teieplikt, stå i regelverket som gjeld for dei ulike saksområda. Dette er omtalt i Prop. 164 L (2015–2016) Lov om folkeregistrering. Naudsynte endringar i ei rekkje særlover vart gjort samstundes med at folkeregisterlova vart vedteken. I Prop. 86 LS (2017–2018) og Prop. 112 L (2017–2018) vart det òg fremja endringar i fleire særlover.

I førearbeida til folkeregisterlova av 2016 vert det halde fram at etatar eller verksemdar som treng informasjon frå Folkeregisteret som er omfatta av teieplikt, sjølv er nærast til å grunngje kvifor dei treng dette. Forslaget i denne proposisjonen skal sikre at Sjøfartsdirektoratet får naudsynt heimel i eiga lov.

Skipsregistra NIS/NOR er underlagd Sjøfartsdirektoratet og er eit realregister for skip og rettar i skip, tilsvarande tinglysing av fast eigedom hos Statens Kartverk. Reglane i sjølova om skipsregistrering svarar i all hovudsak til reglane for tinglysing av fast eigedom i tinglysingslova, men medan heimel til opplysningar omfatta av teieplikt vart vedteke samstundes som ny folkeregisterlov, jf. tinglysinglova § 38d, vart det ikkje gjort tilsvarande endring for sjølova.

For å kunne utføre lovpålagde plikter etter sjølova, treng Skipsregistra opplysningar frå Folkeregisteret. Dette gjeld både opplysningar som er omfatta av teieplikt og opplysningar som ikkje er omfatta av teieplikt. Sjølova har til dømes

reglar om eigars nasjonalitet og bustad i § 1, og for å kunne fange opp om registrerte eigarar er utvandra frå Noreg, treng Skipsregistra tilgang til informasjon om registreringsstatus. Vidare treng Skipsregistra informasjon om familieforhold, det vil seie ektefelle, barn, foreldre og søsken, blant anna for å følge opp saker der registrert eigar er død, og ved saksbehandling for å undersøke om vitne er nærstående til den som får ein rett ved eit dokument til registrering, jf. sjølova § 15 og forskrift 30. juli 1992 nr. 593 om registrering av skip i NOR § 18 femte ledd.

3 Handsaminga av lovforslaget

Den føreslåtte lovendringa fører vidare rettstilstanden etter folkeregisterlova av 16. januar 1970 nr. 1 og er ei tilpassing i samsvar med den nye folkeregisterlova av 9. desember 2016 nr. 88. Departementet la difor til grunn at det openbert ikkje var naudsynt å sende forslaget om endringa i sjølova på allmenn høyring, jf. punkt 3-3 i utgreiingsinstruksen. Dei tilsvarende forslaga i Prop. 86 LS (2017–2018) og Prop. 112 L (2017–2018) har heller ikkje vore på allmenn høyring.

Vi **HARALD**, Noregs Konge,

st a d f e s t e r :

Stortinget blir bedt om å gjere vedtak til lov om endringar i sjølova (tilgang til opplysningar i Folkeregisteret) i samsvar med eit vedlagt forslag.

4 Økonomiske og administrative konsekvensar

Endringane fører vidare gjeldande rett, og forslaget vil difor ikkje ha økonomiske eller administrative konsekvensar.

5 Merknad til endringa i sjølova

Tilføyinga av eit nytt fjerde ledd i sjølova § 13 sikrar at Sjøfartsdirektoratet framleis kan hente inn opplysningar frå Folkeregisteret, utan hinder av teieplikt, i saker etter sjølova. Opplysningar som er underlagd teieplikt skal berre hentast inn når det er naudsynt for å løyse direktoratet sine lov-pålagde oppgåver etter sjølova.

Nærings- og fiskeridepartementet

t i l r å r :

At Dykkar Majestet godkjenner og skriv under eit framlagt forslag til proposisjon til Stortinget om endringar i sjølova (tilgang til opplysningar i Folkeregisteret).

Forslag
til lov om endringer i sjølova
(tilgang til opplysninger i Folkeregisteret)

I

I lov 24. juni 1994 nr. 39 om sjøfarten skal § 13 nytt fjerde ledd lyde:

Sjøfartsdirektoratet skal, uten hinder av taushetsplikt, ha tilgang til opplysninger i Folkeregisteret som er nødvendige for utførelsen av oppgaver etter denne loven.

II

Lova gjeld frå den tida Kongen fastset.
